

Kommunal planstrategi for Volda

2020 - 2024

Oppstart av planarbeid

Utfordringsnotat, kommunal planstrategi

Fellesnemnd for nye Volda 7. februar 2019

Planleggar Berit Sandvik Skeide





Kommunal planstrategi

Kommunelova § 5


Kommunen pliktar å planlegge eiga verksemd

Plan- og bygningslova § 10

Kommunestyret skal minst ein gong kva valperiode, og seinast eitt år etter nytt kommunestyre er konstituert, utarbeide og vedta ein **kommunal planstrategi**

Formål

Formålet med planstrategien er å setje fokus på dei planoppgåvene kommunen bør starte opp eller vidareføre for å legge til rette for ei positiv utvikling i kommunen



Kommunal planstrategi i plansystemet



Planstrategi

- Er ikkje ein plan, men eit verktøy for å prioritere behovet for planar
- Er ikkje juridisk bindande, men retningsgjevande for kommunen si prioritering
- Skal ta stilling til om kommuneplanen heilt eller delvis skal reviderast
- Kan ta stilling til om det er behov for å setje i gong arbeid med nye arealplanar i valperioden, eller om gjeldande planar bør reviderast eller opphevast



Planstrategi

- Bør gjere greie for utviklingstrekk og utfordringar knytt til samfunnsutvikling og miljø
- Bør drøfte ulike strategiar for å forme samfunnet og korleis ein skal møte framtida sine utfordringar
- Er første ledd i kommunen si langsiktige samfunnsplanlegging.
- Viktig arena for å drøfte og avklare behov for interkommunal planlegging (samfunn, areal, tenesteyting)



Planstrategi

På bakgrunn av skildringa, skal strategien ta stilling til kva planar som må utarbeidast eller rullerast, for å leggje til rette for ønskt utvikling i kommunen

Plan					
OVERORDNA PLANAR	Vedteken	Gjeld	Aktivitet	Merknad	Ansvar
Heilskapleg ROS	2013			Planen bør reviderast i samband med utarbeiding av ny arealdel	Utvikling/ plan
Plan for kriseleiing	16.06.2016			Vidareførast	Rådmannen
Samfunnssikkerhet og beredskap	Ny		Oppstart 2017		Rådmannen
KOMMUNEPLAN					
Kommuneplanens samfunnsdel	26.5.2016	2016-2028			Utvikling/ plan
Kommuneplanens samla arealdel	30.05.1990		Rullering pågår	Ferdig 2018	Utvikling/ plan
KOMMUNEDELPLANAR AREAL					
Kryssing av Voldsfjorden	Ny		Oppstart 2016/2017	Voldsfjord-kryssing AS er initiativtakar	Utvikling/ plan
Mork og Furene/ Hovdebygda	Ny		Oppstart 2018/2019	Samarbeid med Ørsta kommune	Utvikling/ plan
Krøvelseidet	Ny		Oppstart 2018	Samarbeid med Ørsta kommune	Utvikling/ plan
KOMMUNEDELPLANAR TEMA					
Kystsonenplan	30.01.2003	2003-2006	Rullering 2017		Utvikling/ plan



Utfordringsnotat

- Store og viktige oppgaver innan samfunnsutvikling, lokaldemokrati, utøving av mynde og som leverandør av ulike velferdstenester
- Behov for eit godt og heilheitleg kunnskapsgrunnlag, som skal danne basis for kommunal planstrategi og samfunnsdel
- Leiargruppa i nye Volda er sentral aktør i arbeidet med notatet
- Innhald i notatet:
 - nasjonale, regionale og lokale forventningar
 - utviklingstrekk og utfordringar



Heilskapleg ROS

Plan- og bygningslova

§ 4 – 3 krav om ROS-analyse

§ 28-1 krav om sikker byggegrunn

Sivilbeskyttelseslova og Forskrift om kommunal beredskapsplikt

TEK 17

Tryggleikskrav: skred, flaum, stormflo, radon

Dimensjonering av bygg: vind, snø, brann



Heilskapleg ROS

- Kommunen pliktar å kartlegge kva uønskete hendingar som kan skje i kommunen
- Kommunen skal vurdere sannsynet for at hendingane skjer
- Kommunen skal vurdere korleis hendingane kan påverke kommunen
- Resultatet av arbeidet skal vurderast og samanstillast i ein heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse



Heilskapleg ROS

- Skal danne grunnlag for langsiktige mål, strategiar, prioriteringar og kommunen sin plan for oppfølging av samfunnstryggleik- og beredskapsarbeidet
- Sentralt grunnlag for den kommunale planstrategien og samfunnsdelen

Framdrift



Tidspunkt	Aktivitet
Februar 2019	Sak til Fellesnemnda. Vedtak om oppstart av planarbeid.
Februar - juni 2019	Utarbeiding av analyse- og utfordringsnotat.
Oktober/november 2019	Presentasjon av analyse- og utfordringsnotat. Godkjenning av heilskapleg ROS.
November/desember 2019 – vår/sommar 2020	Utarbeiding av forslag til kommunal planstrategi. Innhenting av synspunkt frå statlege og regionale mynde og nabokommunar.
Mai/juni 2020	Forslag til kommunal planstrategi. Kunngjering i minst 30 dagar før handsaming i kommunestyret.
Juli/august 2020	Gjennomgang. Vurdering.
August/september 2020	Kommunestyret godkjenner kommunal planstrategi.






Tilråding

1. Fellesnemnda for nye Volda sluttar seg til vurderinga i saksutgreiinga knytt til utarbeiding av felles planstrategi for nye Volda kommune, og tek til vitande statstilskot som er gitt til planstrategi og kommuneplanarbeid for nye Volda vert nytta til formålet.
2. Fellesnemnda for nye Volda kommune ber om at det vert utarbeidd analyse og utfordringsdokument og heilskapleg ROS som grunnlag for kommunal planstrategi og samfunnsdel for nye Volda kommune.
3. Fellesnemnda for nye Volda ber om at forslag til felles kommunal planstrategi vert utarbeidd og lagt fram for handsaming august/september 2020.

Planstatus Hornindal

Hornindal kommune





Planstatus Volda

Volda kommune

